
Vår referanse 2021/22188-2
Dato 21.06.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om bygging av landbruksveg - gnr. 106, bnr. 17 - Fanebust - Alver kommune

Vi viser til brev datert 01.06.2021 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 106, bnr. 17 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjente kulturminne. Like vest for det omsøkte tiltaket ligg den Trondhjemske postveg (Askeladden id. 246536), men vegen er vist utanfor omsynssona til postvegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift